

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7, Skav

Fylke: Sogn og Fjordane.

Tilleggsspørsmålnr. nr 7, Skav

Herad: Gloppen

Emne: Skav

Bygdelag: Heile Gloppen herad.

Oppskr. av: Ola Sande

Gard: Austrheim

(adresse): Sand^adane

G.nr. 69 Br.nr. 57

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

For det meste etter eiga røynsle, sum^a etter bestefar (1817 -1905)

SVAR.

1. Her (i Gloppen) har ein ikkje noko samnamn for dei ymse forslag utanom høy (og ho, etterslått).
2. Ein har heller ikkje noko samnamn for skav, beit o.m.
3. Ordet skave er oftast böygt lint: å skave, skavar, skava, skava. I bygdemålet (bygdemåla) i Nordfjord brukar ein infinitiv på e, ikkje på a.
- 4 Ja, skav har vore brukt frå gamalt, men lite eller inkje no. Det er kalla berre skav.
På sume gardar (i dei ymse bygdelag) har det vore brukt som regulært for (attåt høy), men på mange gardar har skav vore brukt berre som hjelpefor - i vårknipa, når det vart for lite høy.
5. Til skav har det mest vore brukt osp, som det var mest av melløm lauvtree, men også raun (bygdenamnet er: rogn) og selje. Og måtte ein hogga ned ein apal, var borken av den godt skav. Alm var i regelen ikkje brukt til skav-ved, for almlauvet var rekna for godt grisefor. Difor rispa^{var} lauvet av alle almar - og planta ofte alm på heimeböen. Ein heldt skav av rogn for best, men det slag var det lite av, og so brukte ein å "kongla" rognane, taka av bærkonglane til vinterfor. Men også bork av osp var rekna for godt skav, når kyrne ikkje fekk for mykje av det. Det vart ikkje nytta bork av bartre til skav.
6. Nei, ein kjenner ikkje til orde skav knytt til borken av "eit sert treslag".
7. Nei, noko rim om skav er ikkje kjent i Gloppen.
8. Det var berre bufeet som fekk skav, ikkje sau og geit. Krötera fekk skavet "for seg sjölv", ikkje samanblada med anna for. Krötera åt det skavet dei fekk. Skav av åre (older) var ikkje brukt.
9. Fekk kyrne bra mykje skav, vart det meir mjölk. Av rogne-skav vart det vart det gult fint smör. Fekk kyrne mykje ospe-skav, kunde det verta beisk smak på mjölka.
10. Dei som nytta skav til attåtfor heile vinteren, hadde skav-ved liggjande i tunet og hogg opp skavved etter kvart. Der ein nytta skav, som ovanfor nemnt, berre i

vårknipa, reiste ein til skogs eins ærend etter skavved når høystålet tok til å verta so lite at ein ikkje trudde det rakk til ein fekk "löys ut".

Hesjeveden hogg ein helst om våren, gjerne etter borken ~~vår~~ var losna. Til hesjetro var helst nytta grannvoksen åre, til hesjestaur helst eine (e). Borken av hesjeveden vart ikkje nytta til skav.

11. Ein hadde i regelen ikkje serskild nemning på det at ein henta ved til skav. Ein kunde av og til siea at karane var reiste på "skavskog".
12. Veden ein "smia skav" av, nemnde ein berre "ved til skav", og "skavved" når borken var "avsmia".
13. Verbet "marka" er ikkje kjent i Gloppen.
14. Der ein nytta skav til ~~før~~ attåtfor utover vinteren, serleg etter nyår, köyrde dei heim skavveden saman med annan brenneved. Dei som "skava" berre i vårknipa, reiste til skogs etter "skav" når det trongst (sjå under 10). Å henta skavved var ikkje rekna for verre enn anna arbeid, og det var ikkje fest serskilde skikkar til dette arbeidet. Det var heller ikkje so at det skulde gjerast på serskilde dagar.
15. Skavveden, som vart hoggen av høveleg til brenneved, vart i regelen boren inn i stöva, og so sat dei der og smia skav, dei som hadde tid til det, både store og små. Större stokkar smia ein borken av ute, helst med bandekniv.
16. Under skavinga inne brukte ein til vanleg tollekniv, gjerne / ljåskniv (kniv som var laga av ljåspik, utbrukt ljå). Ljåskniven var tillaga med treskaft og brukt som tollekniv. Det vart ikkje laga serskilde reidskap til skavinga.
Skavl vart brukt til å skava borken av hesjeveden, troveden. Skavlén var laga av ljåspik, rundböygd, soleis at bae endane stod jamsides, var kvste og sette inn i eit skaft, serskilt tillaga til skavlskaft. Sjå teikninga.

Til skavl vart alltid nytta utbrukte ljå, ljåspikar. Ein måtte helst varma ljåspika under böyinga, so skavlén ikkje skulde brotna av, og so vart han herda på nytt.
17. Når ein smia skav, av opphoggen skavved, heldt ein skavkjeppen med vinstre handa, la han over kneet og heldt kniven i högre handa.
Når ein avberkte hesjetro, heldt ein til ute på tunet. Ein la hesjetroa over ein krakk -eller sette eine enden ned i marka og drog skavlén nedover med högre handa. Var ikkje borken laus, vart dett berre skava striper langs troa, so ho skulde turka.
Sjå elles om skavsmiing under 15 og 16.
Serskild skavkrakk eller "skavhæl" er ikkje kjend her.
18. Dei arbeidsmåtane som er nemnde under 18, er ukjende her.
19. Under skavinga inne, sat ei i regelen på ein krakk eller ein stol, heldt kjeppen i vinstre handa, la han over kneet og heldt kniven i högre handa, drog ikkje kjeppen,

men kniven. På kjeppen var det gjerne kvister, og då måtte ein skava vel av kring kvistene.

20. Veden ein skjev: Den einskilde kjeppen var kalla skavkjeppen. Samlinga av skavkjeppar vart kalla skavved.
21. Borken som er skaven av, er berre nemnd: skav. Ein kunde nemna: ospeskav, rogneskav o.s.b.
22. Ein Skava både granne og tjukke kjeppar, heile treet. Skavkjeppane ein bar inn, var avhogne som vanleg brenneved.
Tunne kjeppar har ein ikkje sagt i Nordfjord før, men av og til no, påverka av böker og slurvut tale. Omgripet tunt knyter ein til flater. Men ein seier tunn mjölk, tunn luft, tunt hår (samlingsnamn), men grann kjepp, grannt tre, grann tråd, eit grant hår (Einskilt hår) o.s.b.
23. Dei avskava kjeppane er nemnde berre skavkjeppar eller skavved.
24. Nei, ikkje visse reglar, men skava ein tjukkare bork på stokkar - med bandekniv -, smidde ein av borken på skrå, so det vart tunne skavspöner.
25. Veden vart nytta til vanleg brenneved. Men av og til hogg ein kjeppane lenger, når dei skulde nyttast til bakstevd.
26. Det finst kanskje dei som brukar litt skav endå, men dei fleste er slutta med skav for ei god tid sidan. Arbeidet med skaving er eit seinvore arbeid, som ein ikkje tek seg tid til no. Det löner seg ikkje. Det var dei som bruka litt skav i okkupasjonstida, då det var lite eller inkje kraftfor å få.

TILLEGGSLISTE nr. 7. S K A V.

1. Dette at kyr som hadde fått skav kom högre i pris, er ukjent her.
2. Ukjent her.
3. Slik tru eller röynsle har ein ikkje höyrt snakk om her.
4. Ein har ikkje höyrt gjete at nokon hadde mål på kor mykje ein skulde eller ^{turde} skava kvart år.
5. Skavl vart i regelen brukt berre til å avberkja hesjeveden, hesjeved av lauvskog.

Ola Sande

Ola Sande